



Stamnes 03.08.22

Til

Vaksdal Kommune

v/Bygdeutviklingsutvalet.

Søknad om støtte til organisasjonen Laksagiljo.

Laksagiljo er ein interesseorganisasjon for å ta vare på kulturen med laksefiske i fjordsystema rundt Osterøy og inn til Bolstad. Organisasjonen vart danna i 2020 og formelt godkjent med eige styre i 2021. Målet er å ta betre vare på gjennståande utstyr, kunnskap og heile kulturen rundt dette spesielle fisket. Det er utført ein god del arbeid av grunneigarane på gjennståande laksegiljer, kaiar og nothus. Det står no 9 giljer att i Vaksdal Kommune og to på Kleiveland i Osterøy.

Me håpar Vaksdal kommune vil vera med å støtta oss i dette arbeidet, slik at ein klarar å ta vare på denne unike kulturen inn i framtida.

Laksagiljo søker om 10 000 kr i støtte i 2022 frå bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal.



For styret

Geir Magne Gammersvik

Stamnes